

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 17.02.2021

**Marianne Sæhle (SV)** sette fram slikt forslag på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, Krf:

«Merknad

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag som innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

Sæhle sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (H).

### **Uttale til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet vedtek dei vurderingar og svar som går fram av saka og sender desse vidare til KS.

Hovudutvalet ber fylkesutvalet vurdere å ta inn denne merknaden til Tariffnotat 2021: Fylkesutvalet vil i tillegg rette spesielt merksemd mot dei yrkesgrupper som innan offentleg sektor har stått i frontlinja under koronakrisa, og at det er tid for å påskjøne denne innsatsen for å halde på kompetanse og kritisk viktig arbeidskraft. Fylkesutvalet merkar seg at oppgjøret for offentleg sektor for 2020 fulgte tilrådd prosentvis lønnsvekst frå Teknisk Berekningsutval på 1,7%, så viser tala no at privat sektor kom ut med ei høgare lønnsvekst enn offentleg sektor. I ei tid der mange innan offentleg sektor har ofra mykje og vore spesielt fleksible for å stille opp for landet og arbeidsgivar i ein krisesituasjon, så er det avgjerande at dette også gjer seg utslag i lønnsveksten.